

**From:** Thomas Bjørkeland <Thomas.Bjorkeland@sjofartsmuseum.no>  
**Sent:** 15. september 2017 12:12  
**To:** NVE; Sogn og Fjordane fylkeskommune  
**Cc:** Berit.Gjerland@sfj.no  
**Subject:** Vedr. Høring om søknad om fornya reguleringskonsesjon for Svelgen I og Svelgen II kraftverk i Bremanger kommune, Sogn og Fjordane. Forholdet til kulturminne i vatn. Krav om marinarkeologiske registreringar.

**Vedr. Høring om søknad om fornya reguleringskonsesjon for Svelgen I og Svelgen II kraftverk i Bremanger kommune, Sogn og Fjordane. Forholdet til kulturminne i vatn. Krav om marinarkeologiske registreringar.**

Me viser til e-post motteke 07.06.2017

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Søknaden gjeld fornya reguleringskonsesjon for Svelgen I og Svelgen II kraftverk i Bremanger kommune. Museet kjenner ikkje til kulturminne i vatn som kan bli direkte råka av tiltaket. Tiltaksområdet ligger derimot i et prioritert område for kulturminne i vatn. Potensialet for verna eller automatisk freda kulturminne i planområdet vurderer me derfor for å være til stede.

Bergens Sjøfartsmuseum krev som vedkommande myndigheit etter føresegnene ved Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne, §§ 9 og 14, undersøkingar av om det kan være kulturminne under vatn i tiltaksområdet. Etter Kulturminnelovens §§ 9 og 10 har tiltakshavar undersøkingsplikt, samt plikt til å dekke utgiftene til undersøkinga.

Me ber tiltakshavar om å ta direkte kontakt med Bergens Sjøfartsmuseum vedrøyrande gjennomføring av feltundersøkingane. Museet vil då først utarbeide eit budsjett for registreringane, som me må ha godkjent før feltarbeidet kan gjennomførast.

Med vennlig helsing  
for STIFTELSEN BERGENS SJØFARTSMUSEUM

Thomas Bjørkeland  
Marinarkeolog  
55549611  
E-postadresse: [marinarkeologi@bsj.uib.no](mailto:marinarkeologi@bsj.uib.no)